

Villrein i Sirdal

Magnar Undheim



Magnar Undheim:

Villrein i Sirdal

Utgjeve av verdiskapingsprosjektet
Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell,
og Verneområdestyret
for Setesdal Vestheio Ryfylkeheiane

Utforming: Naturinform SA, 4230 Sand
Omslagsbilde villrein: Gunhild Kvinen
Omslagsbilde lav: Rune Roalkvam

Trykk: Haugesund Bok og Offset, Haugesund

2020

Innleiing

I Sirdal har villreinjakta vore viktig til alle tider. Dei siste 20 åra har ein diverre hatt ei utvikling med stadig mindre kvoter og færre felte dyr. Om denne utviklinga held fram vil jakttradisjonen stå i fare for å døy ut. Ein vil få stadig færre jegerar og det kan bli vanskeleg å rekruttere ungdom, og etter kvart kan villreinjakta bli ein aktivitet sirdølane ikkje har noko forhold til.

Ei slik utvikling være eit tap for både villreinen og for lokalsamfunnet. Villreinen i våre heieområde har bruk for lokale ambassadørar som kan tale dyra sin sak, og ein levande jakttradisjon kan være viktig for folk sin heimkjensle og trivsel i ein utkantkommune.

Derfor er det viktigare enn nokon gong å rette merksemda mot villreinjakta i Sirdal. Kva har jakta betydd, korleis vart den utført, og ikkje minst korleis har jakttradisjonen endra seg dei siste 100 åra. Eit anna viktig tema er korleis dei store arealinngrepa har endra dyra sin bruk av heia. Til dette arbeidet har vi fått hjelp av Magnar Undheim som både kjenner heiane og den lokale jakttradisjonen svært godt. Vi er svært godt nøgd med resultatet og vil takke Magnar Undheim for dette verdifulle bidraget.

Denne historia om villreinjakta i Sirdal er ein del av eit større arbeid med å kartlegge jakttradisjonane i utkantane av villreinområde. Der ein særleg har valt å konsentrerer seg om kommunar der villreinjakta har gått tilbake dei siste åra. Liknande hefte vil derfor bli utarbeidde for Hjelmeland, Kvinesdal, Åseral og Bygland.

God lesnad!

Med vennleg helsing

Bjørn Laugaland

Leiar for verdiskapingsprosjektet
Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjellet

Foto: Ragnar Djuvik





Vister etter villrein. Foto: Ragnar Djuvik. Neste side: Foto: Per Magne Sinnes.



Frå oldtida til 1900

Viktig livsgrunnlag

Villreinen har vore konge i høgheia heilt frå isen trekte seg tilbake og gav plass for lav og plantevekstar. Og mest like lenge har menneske søkt heiane for å jakta. Like lenge har adrenalinet pumpa i menneskekroppane når reinsflokkane har nærma seg bogestellet eller dyregrava eller geværet. Jakt og fangst var fundamentet for at folk busette seg i Sirdal. Til lenger opp i dalen og til lenger ut mot randsonene folk slo seg ned, til meir avgjerande var haustinga av heiane. Og i heiane var det altså villreinen som regjerte. Reinsdyra har vore viktige for å kunna overleva i Sirdal.

Arkeologar har funne buplassar i Sirdalsheiane som er frå eldre steinalder. Funna tyder på at dette har vore sesongbaserte buplassar. Truleg var det folk frå kystnære område som tok seg inn i landet for å driva jakt og fangst, og villreinen var det viktigaste dyret dei jakta på. Bogestelle har vore nytta for å kunna liggja i skjul og skyta dyr med pil og boge. Seinare vart det grave og mura dyregraver som dyra skulle falla nedi. Både bogestelle og dyregraver var plasserte på stadar der naturen strupte passeringalternativa. Ein del dyregraver er registrerte, men langt fleire er nok ikkje oppdaga. I nordenden av Degevatn var det ei grav. Ikkje langt unna ligg Dygrå (dyrgrov) og Dygråvatn. Like nord for brua ved Holmevatn var det ei fin dyregrav som vart øydelagt då dei bygde vegen inn til Svartevatn i samband med kraftutbygginga.

Salve Suleskar

Salve Suleskar (1798–1856) overtok heimegarden i Suleskar i 1822, men det gjekk heller dårleg med drifta. Ein sommar var han mjøllaus og mangla ljaar til slåttan, så han drog til byen for å handla. Dermed stilte han i krambua pengelaus og med lite å byta inn. Handelsmannen var ikkje utan vidare med på å selja på borg, men Salve fekk sine to drammar som skikken var. Når då handelsmannen ville vita kor mykje krøter han hadde, svara Salve at han hadde meir enn nok. Han hadde meir enn 100 dyr, men dei fleste gjekk på styr. For Salve, som for alle sirdølar, var dyr ganske enkelt reinsdyr. Handelsmannen oppfatta dette som husdyr og let han handla på borg. Etterpå vart det laga eit stev om dette:

*Eg hev hunnre dyr,
dei gjenge på styr.
Sålve Suleskar fekk skjenk i byen.*

Talet på namn i heiane som er relatert til reinsdyr, syner òg at dette dyret var viktig for folk. Nokre døme kan nemnast: Simleknuten, Simletjødna, Simledalen, Bukkehadlene, Reinshei og Reinsskaret.

Frå 1900 til 1970

Åra kring 1900 markerte eit tydeleg skilje for villreinjakta i Sirdal. Ny jaktlov i 1899 medførte store endringar. Tidlegare jaktmønster endra seg frå å vera lovleg jakt til å verta stempla som tjuvjakt. Nye og gode gevær førte med seg at villreinstamma var på eit kritisk lågt nivå. Jaktglade rikfolk kjøpte opp store heieområde.

Jaktlova av 1899

Jaktlova av 1899 hadde omfattande konsekvensar for grunneigarane, jaktarane og villreinen. Intensjonen med lova var at ho skulle styrkja livsgrunnlaget for bøndene, då spesielt for bøndene i fjellbygdene. Ho slo fast at grunneigaren hadde rett til all jakt på eigedommen sin.

Det er god grunn til å tru at lovmakarane feilvurderte fylgjene av lova. Det vart nå interessant for jaktglade rikfolk å sikra seg eksklusivt jaktterreng. Sjølv om mange gjorde leigeavtalar på fem år, ti år eller meir, vart resultatet i Sirdal at svært store område vart kjøpte av kapitalsterke, utanbygds sportsjaktarar. På denne tida var samfunnet i endring frå naturalhushald til pengehushald. Gode gardbrukarar la ned meir arbeid på jorda nær heimen, det vart grøfta, og kunstgjødsele vart teken i bruk. Høgheiane hadde alt vore leigde ut til sauedrifter og tamreindrift. Dei sterke banda til desse heiane var dermed delvis brotne. Når då rovdyr i aukande grad herja i krøterflokkane, vart det mindre interessant å leiga heiar til beite. Derfor var spranget til å selja ikkje så stort, og pengane lokka i ei usikker omstillingstid.

Mange tok ikkje inn over seg konsekvensane av den nye lova. Dei gjorde som dei hadde gjort frå Arilds tid, gjekk på heia og skaffa seg kjøt når høvet baud seg, eller når kjøt- og matnauda gjorde seg gjeldande.

Villreinvandringane

Jaktresultatet har til alle tider vore avhengig av kvar reinsdyra vandra. Dyra har sine trekkruiter, men samtidig har beitetilhøva ført til at dei i periodar kunne koma langt sør i heiane, mens dei andre år har halde seg lenger nord. Store flokkar vandrar tidvis nordover til Hardangervidda, andre gonger går flokkar motsett veg. Det er òg utveksling frå vest til Setesdal Austhei og motsett.

Forvaltinga som stod for tildelinga av fellingskvote i Setesdalsområdet, var sett saman av representantar frå Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvassfiske, grunneigarane og heievaktarane. Njardarheim var den største grunneigaren. Eit slikt villreinmøte i

1971 summerte opp: «Om me deler jaktterrengt sør for Haukelid inn i to med ei line frå Bratteli i Bykle til Lysebotn, vil alt sør for lina vera i sør. I 1962 stod 50 % i nord, i 1966 stod alle i nord, i 1967 stod 70 % og i 1968 85 % i nord.»

Vêr og vind påverkar sterkt kvar dyra held seg til ulike tider. Jaktarane har derfor alltid kjent til korleis vêret måtte vera for at ein skulle få tak i dyr nær dalen. Dyra trekkjer mot vinden.

Når jakta er regulert til ein kort periode på hausten, er det avgjerande for ei vellukka jakt at vinden står gunstig.

Utanbygds jaktinteresse

Dei største heieområda i Sirdal vart tidleg på 1900-talet kjøpte opp av folk som var interesserte i å sikra seg jaktterreng. Thv. Meyer Heiberg var den største, og han bygde opp og la til rette for at den europeiske overklassen skulle koma på eksklusive jakturar. I 1943 selde Heiberg alt saman til staten. Etter krigen vart det intens diskusjon og dragkamp om dette veldige heieområdet. Stortinget konkluderte i 1957 med at staten skulle vera eigaren og forvaltare av eigedommen som nå skulle heita Njardarheim. Vidare vart det vedteke at folk i dei tilgrensande bygdene skulle ha rett på god jakt til rimeleg pris. Skjerevass-terrengt vart reservert for bygdejakta i Sirdal.

Jaktresultat

På det tidlegare omtalte villreinmøtet i 1971 vart det lagt fram tal for felling av rein for åra frå 1889. Desse tala dekkjer heile det såkalla Setesdals-terrengt. Åra 1889–1901 vart det felt 80–90 dyr per år. Frå 1902 var villreinen totalfreda i ein femårsperiode i heile landet. Fellingstala for 1907–1930 var i gjennomsnitt 104 per år. Tidleg på 1930-talet var tala svært låge, kring 25 dyr, men var i stigning. I perioden 1954–1969 steig fellingstala mykje, særleg mot slutten av perioden. Det starta på 281 dyr og enda på 1200 i 1969. Det var store villreinflokkar og god jakt på 1960-talet.

For perioden 1965–2018 har me tal for Sirdal, sjå tabell neste side.

Nedgangen mot slutten av 1970-talet kan ha samanheng med kraftutbygginga og dei store, nye magasinane. På 1990-talet var det eit mål å få redusert villreinstamma kraftig. Det vart opna for samjakt, folk kunne jakta der reinen var, i ein del av jakttida. Elles taler tala for seg sjølv. På 2000-talet har jakta variert frå elendig til skral om ein ser det i langt perspektiv. Likevel er nokre år bra ut frå situasjonen slik han vert oppfatta nå.

År	Kvote	Felling
1965	135	65
1966	135	87
1967	157	91
1968	225	104
1969	220	162
1970	275	183
1971	182	103
1972	181	97
1973	182	60
1974	148	60
1975	166	39
1977	264	40
1978	156	27
1979	148	15
1980	144	18
1981	135	9
1982	138	25
1983	128	30
1984	104	17
1985	151	72
1986	151	67
1987	114	34
1988	114	39
1989	154	38
1990	141	55
1991	148	65
1992	120	44

År	Kvote	Felling
1993	211	81
1994	255	87
1995	334	95
1996	375	67
1997	454	176
1998	437	101
1999	437	48
2000	356	40
2001	243	25
2002	221	26
2003	218	26
2004	132	13
2005	121	12
2006	120	4
2007	42	1
2008	42	2
2009	42	1
2010	82	5
2011	86	4
2012	122	5
2012	84	16
2013	126	18
2014	126	18
2015	157	16
2016	210	29
2017	210	25
2018	210	13

Tabell over kvote og felling i Sirdal, 1965–2018. Tal frå Njardarheim som dei skjønsmessig har fordelt på kommunane, er inkluderte.

Foto: Ragnar Djuvik.



Tjuvjakt

Fellingstala i tabellane er i dei fleste samanhengar meiningslause. Dei fortel berre kva som er lovleg felt og offentleg registrert. Dei reelle tala ville sett heilt annleis ut. Det er gode grunnar til å tru at tjuvjakta var større enn den lovlege jakta i alle fall fram mot 1980. Problemet er sjølv sagt at omfanget av tjuvjakta ikkje kan talfestast. Likevel har me haldepunkt for å kunna seia at tjuvjakta var den store jakta i størstedelen av 1900-talet, mens den offisielle berre representerte ein liten brøkdel av det som vart felt. Kulturen i Sirdal var slik mellom folk at «alle» fann det både rimeleg og fornuftig å hausta av det fjellet gav. Vinteren var ofte den greiaste tida å gå på jakt. På ski tok ein seg lettare fram, og reinsflokkane kom gjerne nærare dalen. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at nokre, kanskje spesielt ungdommar, følte og søkte den ekstra spenninga som ulovleg jakt medførte. Som då to ungdommar på revejakt ser ein flokk med dyr som passerer over ein rinde. Skothaldet er akkurat passe, og dei skyt utan å kunna sjå resultatet, for dyra forsvinn bak rinden. Etterpå går dei spente fram. Sjokkerte over resultatet forsvinn dei så fort dei kan, utan å røra dei åtte dyra som ligg i ein haug. Dette var for drygt, ikkje berre for oppsynsfolk, men overfor naboar og kjenningar ville det òg vera flautt og dumt.

Thv. Meyer Heiberg hadde fire til seks oppsynsfolk som skulle passa på og hindra tjuvjakt i den tida han var heieeigar. Området var altfor stort til at lova kunne handhevast tilfredsstillande. Sjølv om nokre vart tekne, slapp dei fleste unna.

I 1923 skreiv Heiberg om problemet: «Jagttiden på vildren er fra 1ste januar til 31te december.» Men det var vinterjakta som var mest omfattande. Gjennomsnittleg vart det felt 32 dyr i året i jakttida i september på Heiberg sine område, lovleg og registrert. I 1916 skaut ein enkelt mann 78 dyr på vinterjakt. I 1918 la ein annan ned 150 dyr. For Heiberg og reinen var problemet størst i Setesdal, men vinterjakta «drives ogsaa fra Sirdal, men ikke i samme utstrækning. Det kommer vel av at man maa saa meget længer tilfjelds».

I 1936 hadde Heiberg kome fram til at «det ligger adskillig logikk i et resonnement som det, at de bygdelag som har vært med på å fø på villreinen også skal få en viss glede av stammens avkastning». Den korte jakttida og reinsdyra sine vandringar gjorde det altfor tilfeldig kven som fekk sjansen til å hausta. Derfor meinte han at det burde opnast for vinterjakt slik at alle bygdelag kunne få sin del. Alt måtte nøye regulerast ut frå areal. Han meinte Sirdal kom dårleg ut i jakttida på same måten som dei sørlegaste heiane (Kvinesdal, Hægebostad og Åseral).

Vinterjakta var viktig – og ulovleg. Foto: Per Magne Sinnes.



Abel Haugen (1915–2002)

Heiberg var oppteken av kor omfattande den ulovlege jakta var. Og aller verst var det under dei to verdskrigane. Då var kjøtmangelen stor, og folk tok seg til rette. Heiberg karakteriserte det som ein unnakstilstand og hadde nok forståing for at det måtte verta slik. Ein av dei som var med på dette, var Abel Haugen, som fekk i oppdrag å skaffa motstandsfolka ved Langalona mat, deriblant kjøt.

Abel var ein svært dyktig heiemann og jaktar. Alle som har vore med han i heia, har sett korleis han fanga inn og las heia. Eg har sjølv stått og snørekøyrt bak snøskuter i lag med Abel. Då me stansa, kunne han fortelja om revar og harar som hadde kryssa her og der, og kvar dei hadde teke vegen. Reinsdyr hadde han både sett og sett sleper etter. Eg hadde ikkje fått med meg noko av dette og brukt all mi konsentrasjonsevne på snørekøytinga som gjekk i stor fart.

Abel tok gjerne med heilt unge sambygdingar på jakt. Betre opplæring kunne ingen få. Men best hugsar nok desse karane kveldsstundene der Abel sat og fortalde, ofte slik at håret reiste seg på dei – om krigsepisodar, om jakturar så levande at dei følte dei var med i hendinga.

Det største jakttrofeet heng på veggen på Haugen og stammar frå ulovleg jakt i Kviheia under krigen. Abel var i lag med svogeren, Albert Vik. Dei kom over ein flokk på om lag 150 dyr, og Abel festa blikket på ein veldig staseleg bukk. Ragget hang som ei frynsegardin ned mot bakken, og geviret var

Nazisten og motstandsmannen på ulovleg jakt

Under krigen var det kjøtmangel. Folk hadde ikkje lov til å ha våpen, og jakt måtte skje i skjul. Olav Topland var lærar på Sinnes, og han var ein overtydd nazist som var peika ut til å styra skulen i Øvre Sirdal. Men også nazistar treng kjøt til familien. Våren 1944 stakk han geværet sitt under buksebeinet og gjekk med stiv gonge frå Sinnes til Haugen der han fekk med seg Rasman Haugen for å gå på jakt. Aust for Monsvatna skaut dei fire dyr. Dagen etter fekk dei med seg Abel og Gunnvald Haugen for å bera kjøtet heim. Abel var Milorgs kontaktmann i Sirdal, så dermed gjekk nazisten og motstandsmannen side om side i ulovleg ærend. Ikkje berre det, langt der aust dumpa dei borti fire fallskjermar som hadde landa like mange konteinrar som var komne luftvegen frå England. Noko sveiv nok i hovuda deira då, men dei handla praktisk og fornuftig. Dei kunne ikkje la så godt tøy liggja igjen og verta øydelagt. Fallskjermane tok dei med seg heim og fekk sydd skjorter av dei – både nazisten og motstandsmannen – og desse gjekk dei openlyst med.

Abel kokar kaffi på jakttur. Foto: Frå familien.





Abel Haugen med rekordgeviret. Foto: Frå familien.

ein keisar verdig. Krigen førte med seg mangel på mange slags varer, også ammunisjon, så skotet måtte vera dødssikkert. For å koma på brukbart skothald fann dei ut at dei måtte ta ein runde.

Så viste det seg at dyra hadde farta fortare enn dei hadde rekna med, og dei såg berre blanke bakendar i det dei var i ferd med å forsvinna. «Storbukken kjem alltid i baktroppen,» tenkte Abel og bestemte seg for å venta. Og bukken kom i lag med nokre få andre. Abel skaut først storbukken, så ein liten. Begge datt. Ammunisjonen var det slutt på. Dei gjekk roleg fram for å sjå og starta arbeidet som venta dei. Ja, den vesle bukken låg der, men ganske forundra kikka dei rundt utan å få auga på storbukken. Han var søkk borte. Skodde kom og gjekk og hindra tidvis sikten.

Litt forvirra tok dei ut i same retninga som dyra hadde fare. Under eit opplett såg dei plutsleg storbukken liggjande tilsynelatande lys levande på ein knatte. Abel våga ikkje å gå heilt innpå han, så han treiv nokre steinar for å jaga bukken opp. Og bukken skvatt opp og sette i veg ned ei glipe mot ei tjørn. Abel var i fantastisk god form på den tida og nådde fram i tide til å møte bukken slik at han ikkje kunne koma fram i strandkanten. Dermed gjorde bukken det han måtte gjera, sprang på vatnet så spruten stod, og sette kursen tvers over. Abel sprang rundt og nådde akkurat fram i tide til å møte bukken idet

han skulle kliva inn på land. Med ein stor stein ville han prøva å avliva dyret. Det veldige geviret var eit mest ugjennomtrengjeleg vern for hovudet, og dermed hadde steinen ingen verknad, men bukken gjorde heilomvending. Og Abel tansprang tilbake og var igjen klar til å ta imot flyktningen. Men nå såg bukken kva slags velkomst som venta han, så han vende før han kom til lands. For tredje gongen sprang Abel rundt tjørna og stod klar.

Kva var det som rørte seg i hovudet på dette stolte dyret nå? For Abel såg det ut som at bukken resignerte. Han var såra av skotet, og kreftene var nok i ferd med å ebba ut. Likevel var det noko forunderleg uverdig i å sjå resignasjonen – sjå dette mektige dyret stikka hovudet ned rett under vassflata og bevisst drukna seg. Då alt var stille, vassa Abel ut til vatnet stod han til halsen, for å få fatt i det flottaste dyret han nokon gong har felt. Nære på 150 kg vog skrotten.

Etterkrigstid

Etter krigen kunne grunneigarane driva jakt som dei hadde gjort før krigen. Dette skjedde i stor kontrast til det ståket som gjorde seg gjeldande i Heiberg-riket, som nå låg som ein magnet for ulike interesser. Staten hadde overteke eigarskapet og var ansvarleg for drifta. Styret for Njardarheim, med den kjende motstandsmannen Knut Haukelid som leiar, ville at bygdefolk skulle få reservert ein del av terrenget for villreinjakt. Sirdølane fekk tildelt Raubergheiane som var både eit dårleg jaktterreng og lite tilgjengeleg. Etter kvart var det ingen som løyste jaktkort, og heradsstyret i Øvre Sirdal sende eit skriv i 1953 til styret for Njardarheim der dei gjorde det klart at dette ikkje var eit tilbod dei ville nytta seg av. Signalet var tydeleg, og bygdefolket fekk det omtrent slik dei ønskte det. Skjerevassheia vart det nye lokale jaktområdet, eit sentralt og godt reinsdyrterreng.

Trygve Myre

Året var 1955, og Trygve Myre var 16 år og på veg til den første villreinjakta si. Det var godt å koma i gang, få spenninga i kroppen overført til steg oppover og innover i heia. Geværet hang trygt på aksla, ein Krag karabin, som markerte at nå var han blant dei som skulle laga nye historier. Han visste han var ung, han visste han var sterk nok til å tola det.

Skyteprøva hadde gått greitt. Nokre år seinare vart han sørlandsmeister i skiskyting med stor styrke i å treffa blinken. Nå gjekk han i lag med storebroren, Torleif, som var 13 år eldre, og heiemannen Sigbjørn Sirekrok, som var lommekjend i dette terrenget. Første målet var Håhedlarhytta der dei skulle overnatta.

Torleif var i fast arbeid og hadde bil, ein Morris 1938-modell, som frakta dei til Suleskar. Trygve hadde som dei andre jaktstøvlar, ulljumper og ei trøye utanpå, kniven trygt plassert i slira og ein sekk på ryggen med stomp, smør, kaffi og konsentrert saft og så geværet over skuldra: ein ekte heiemann på 16 år.

Interessa for jakt var rimeleg stor hos bygdefolket, men det var få som gav seg i kast med strabasane det innebar. Øvre Sirdal hadde 40 jaktkort, men i utgangspunktet vart berre 6–8 kort selde. Eit kort kosta 40 kroner det året.

Jaktterrenget låg så langt inne i heia at dei måtte ha minst ei overnatting. Og når dei då fekk skote dyr, så var det eit slit å få kjøtet heim, beinhardt slit. Slitet var medverkande til at folk nølte. Dessutan var det slett ikkje visst at dei ville sjå dyr og dermed ha

Snøvinteren 1962

Dette året står i minnet som den store snøvinteren i Sirdal. For reinsdyra vart vinteren vanskeleg, mest fordi det hadde lagt seg eit tjukt skarelag som var som eit ispanser over heiane. Så kom dei uhorvelege snømengdene som nærma seg tre meter nede i dalen. I heiane var det meir. Aftenbladet skreiv om dette 6. mars, med overskrifta «De svære snømengdene i år skaper vansker for menneskene, men tragedier for villreinen i Sirdalsheiene»:

Bekkedalen var full av spor etter rein som hadde søkt nesten helt ned i bygda etter mat. Men de hadde ikke funnet annet enn det som eventuelt måtte være å gnage av de trærne som ennå stakk opp av snøen. På toppen av Storeknut var det såpass avblåst at reinsdyra hadde greidd å grave seg ned til et par mosedotter gjennom et 10 cm tykt islag. En dag fant et par gutter to døde reinsdyr like innenfor Valevatnet. Dyra var tydelig bukket under for sult og utmattelse.»

Bladet fortalde òg at det var dyr ved Rauåvatnet som det var blodspor etter, og som var i ferd med å svelta i hel.

Folk vart opprørte av desse avisartiklane og sette i gang med innsamling av høy som vart frakta ut til reinsdyra. Fagfolk var tvilande til om dette var fornuftig.

Trygve Myre hentar inn eit skote dyr som sprang på vatnet. Foto: Per Magne Sinnes.





Per Magne Sinnes og Trygve Myre var mange turar i lag på jakt.

sjanse til å få det dei var ute etter. Og jaktkort kosta, så ein skulle helst vera sikker på å få noko igjen for kostnaden. Ein fekk venta og sjå på vindretning og korleis det gjekk med dei som aldri kunne la vera å ta på heia.

Neste dag var dagen. Dei gjekk med dryge steg opp dalføret mot Skjerevatna, la kursen mot høgri i retning Signalknuten. Det var då det skjedde. På flåene opp frå Skjerevatna fekk dei auga på ein dyreflokk. Trygve og Sigbjørn gjekk i lag, og då dei hadde kome seg i stilling, kviskra Sigbjørn at Trygve skulle skyta først, så skulle han ta ein på spranget etterpå. Trass i ei sitrande spenning i kroppen gjekk det akkurat slik: to skot, to dyr gjekk i bakken – den første reinsdyrjakta, den første bukken, men svært langt frå den siste. I mest femti år var han på jakt kvar einaste haust. Kor mange dyr som fall for dei treffsikre skota hans, vågar han ikkje å gissa på. Signalknut-området var eit ynda terreng og ein mykje brukt overnattingsstad. Dei låg ute med små presenningar eller plast over seg. Gunnvald Haugen hadde ein heilt fast plass. Der utbasunerte han med klar stemme: «Velkomen til Skjerevass hotell.»

Trygve var aldri blant dei som kviddet seg for å bera tunge bærer. Tvert om tok han oftast dei tyngste taka. Ein gong gjekk han i lag med to gode venner, litt yngre enn han sjølv. På heimvegen med mykje kjøtt i sekkene sette dei seg ned for å kvila. Vennene var Olav og Per Magne Sinnes. Nå ville dei prøva å reisa seg med bora til Trygve. Ingen av dei var i stand til å koma seg på føtene.

På femti år har naturlegvis mykje forandra seg. Dei fleste åra Trygve gjekk på jakt, opplevde han eit veldig godt samhald og kameratskap. Då det kom vegar inn i heiane med kraftutbygginga, vart terrenget mykje lettare tilgjengelege, og dermed vart det langt fleire jaktarar. Men heile denne tida var det slik at når ein såg andre som var ute i same ærend, så tok ein kontakt for å ikkje øydeleggja for kvarandre.

Dette endra seg mot slutten av tida Trygve var i heia. Då var det ofte slik at folk prøvde å gøyma seg for kvarandre. Mobiltelefonen var òg med og endra jaktmåten. Mange sende melding til venner og sa frå når dei såg dyr. Så kom dei setjande og samla seg kring dyreflokkane. Mykje av sjarmen forsvann.

Perioden frå 1970 til 2020

Åra kring 1970 laga eit nytt tydeleg skilje i villrein-jakta. Det var slutt på at villreinen var ein avgjerande del av livsgrunnlaget for bøndene. Vasskraftutbygginga skapte store endringar i levekåra for reinsdyra. Anleggsvegane og andre nye vegar i heieområda gjorde det svært mykje lettare å koma seg inn i dei sentrale jaktområda, og dermed vart fleire interesserte i å gå på jakt. Tjuvjakta gjekk frå å vera dominerande jakt til å spela ei lita rolle, og ekspertar får ei viktig rolle i forvaltninga. Fjellturismen med større trafikk til turistforeiningshyttene og hyttebygging mot randsona har gjort levekåra for reinsdyra dårlegare.

Vasskraftutbygginga

Frå kring 1960 har det vore store vasskraftutbyggingar i områda villreinstamma «vår» har hatt tilhald i. Det omfattar heile heiane sør for Haukeli. Oppdemning skapte store innsjøar som førte til at eldgamle trekkruiter vart skorpe av. Kalvingsplassar vart sette under vatn, og vårbeitet – som er så viktig i den mest sårbare tida – forsvann i store innsjøar. Resultatet vart at villreinstamma fekk vanskelegare levekår, og dermed at dyrestamma måtte reduserast om ein skulle forvalta ho godt. Nokre heieområde som tidlegare hadde vore gode jaktområde, er oftast tomme for dyr. Dette gjeld særleg vest og sør i heiane.

Vegar

I samband med kraftutbygginga vart det bygt anleggsvegane langt inn i heiane. Det vart veg inn Hønedalen, vestover til Lysebotn, nordover til Svar-tevatn og austover til Roskreppfjorden. Den siste vart vidareført over til Brokke og gjord om til riksveg. Vegar og trafikk påverkar trekkvanane til reinen, men det er vanskeleg å slå fast kor mykje dette betyr.

Hyttebygging og turisme

Det har skjedd ei eksplosiv hyttebygging i randsonene til høgfjella. Det er eit stort dilemma at me på den eine sida gjerne vil at folk skal få oppleve den flotte naturen vår både sommar og vinter, og på den andre sida veit at natur og dyreliv er skadelidande av den positive aktiviteten. Hovudgrunnen til at folk har hytter, er at dei då er midt i naturen, og at det er lett å koma seg på tur i høgfjellet. Turistforeiningane gjer ein stor jobb for å leggja til rette for flotte turar med gode overnattingar. Verre er det at nokre stiar går nett der reinsdyra naturleg skulle trekkja.

Mykje folk i villreinområda er ikkje bra. Sjølv om dei fleste oppfører seg fornuftig når dei ser reinsdyr, er det altfor mange som ikkje gjer det. Altfor mange går inn på dyra for å få fine bilete og filmsnuttar. Altfor mange går tur med lause hundar som jagar reinsdyra. Dette er ekstra kritisk dei åra det er vanskeleg å finna mat der dyra normalt beiter. Grunnen kan vera tjukke skarelag og store snømengder. Slike vintrar er kraftkrevjande for dyra som må ha mest mogeleg ro for å spara energi. Frå gamalt trekte dei då oftast ned mot lågare strom, nett i dei områda mange av hyttefeltene nå veks opp. Så seint som i dei store snøvintrane på 1990-talet var det ein reinsflokk i Ålsheia skitrekke. Dyra brydde seg lite om maskinane som var i arbeid, men rømde for skifolket. Kraftutbygging, vegar, hyttebygging, turstiar og aukande ferdsel er kvar for seg negativt for villreinen i Sirdal, og totalbelastninga vert sjølvstort stor.


For jegerane vart derimot situasjonen gunstigare. Anleggsvegane førte rett inn i gode jaktterreng, og det viste seg fort at det vart rift om jaktkorta. Lars Suleskar, Store-Lars, var ikkje begeistra for utviklinga.

Geriljakrig i heia

Stavanger Aftenblad hadde ein telefonsamtale med Lars Suleskard den dagen jakta starta, 25. august 1972.

«Folk i heia, ja! ropar Lars Suleskard i Øvre Sirdal. Eg sku' meina det. Her er oppfare ein himmelsk hærskeare med bil og med fly til den vide Njardarheim Veidemark. Me som er heime i dalen, må dela på det. Det melde seg 75 søkjarar som ville ha jaktløyve. Under lutdraginga var det spenning om kven som skulle få kort eller ikkje. Og det var dobbel spenning om kven som skulle få skyta bukkar, eller simler og kalvar. Du veit eit kalvekort står ikkje så høgt. Me reinsjegerar er usamde med Direktoratet som har funne på denne slags «luking» i reinstamma. Det er ikkje meining skapt i å skyta kalvar, som skulle sørgja for tilveksten. Kvoten burde vore på 60-70 prosent bukkar og resten simler, meiner Lars.

For nokre veker sidan var det sett veldige dyreflokkar austanom Håheller, fortel Lars. Der var tusen og atter tusen. No er dyra meir spreidde, men dei har sine stadar og går roleg like til det bråkar og sprakar og smell og luktar død og fordervelse overalt innpå heia i dag. Då tek dei ut, alltid mot vêret. Og drot-



ten er så ulagleg som han kan vera for okke. Det ber nord og vestetter, så det er grannane våre på den kanten som gjer beste jakta i starten i år, det er sikkert.

Fine dyr i år, endå dei vel helst er små. Beitevinteren var makelaus og sommaren like eins. Ja, me kan ikkje minnst det betre. Men du må skriva at den store jegerdrifta i Njardarheim er ei klo i auga, eit hår i smøret – eg veit ikkje kva bilete eg skal bruka – men dei er altså så mørjeleg mange at dei berre gjer skade for kvarandre og for dei bygdefolka som har sine eldgamle jaktrettar. Første jakt dagane er som ein intens geriljakrig med halve heia i fyr og flamme! ropar Lars Suleskard.»

I åra etter utblåsinga frå Lars heldt jaktinteressa seg høg, det var kamp og konkurranse om å få jaktkort. Mange frykta at anleggsvegane inn i heiane ville føra til langt meir tjuvjakt. Og me kjenner til at det til og med vart brukt sjøfly for å sikra seg kjøt. Raskt og effektivt landa jegerane på vatn nær ein hop dei hadde sett frå lufta, og på få minutt vart det skote dyr som vart dregne inn i flyet, og vips, så var dei borte. Men sjølv om me kjenner jakthistorier som ligg utanom lova, er inntrykket at denne typen jakt har minka og i dag er uvesentleg.

*Over: Lars Suleskar i 1972. Foto: Rune Roalkvam.
Under: Ein liten flokk rett under Signalknuten i Skjerevassknuten. Foto: Per Magne Sinnes.
Neste side: Gunhild Kvinen. Foto frå Gunhild Kvinen.*



Gunhild Kvinen (f. 1980)

«Det er heieturane som er det store. Jakta gir meg så fantastiske turar i eit eventyrlig landskap. Ja, det er verkeleg magisk. Naturlegvis er sjølve jakta viktig, men det er den store naturopplevinga – med reinsdyra som ein del av det heile – som er uimotståeleg.» Det er Gunhild Kvinen som med overtydande lidenskap ordlegg seg slik – så overtydande at den lyttande plutseleg ser at på same viset som villreinen høyrer til i det store heiebiletet, høyrer jegeren Gunhild heime i det same biletet. Dei er begge ein del av naturen.

Ein jakttur er ei lang rekkje av varierte opplevingar. Terrenget er ope, men samtidig skjuler det så mykje. Du kan sitja på ein topp eller ein knaus og tru at du har full oversikt. Og så flytter du deg ti meter, og plutseleg har du eit heilt anna bilete framom deg. Det er så kort avstand og tid mellom ingen teikn til dyr i heia til det vrimlar overalt. På same viset er det med vêret, frå sol og stille til ruskevêr.

Mange opplever skodda som ein trussel og fiende som øydelegg turen og jakta. I tett tåke tek Gunhild fram Järven-duken og slappar av eller søv.

I fjor låg me i telt under jakta. Ein dag var me ute og speida og gjekk i fulle ti timar utan å sjå ei einaste

klauv. Jaktterrenget var tilsynelatande tomt for dyr. Men du, så herleg det var å koma tilbake til teltet og koka seg mat og la den store roa senka seg – og så vakna til ein ny dag, pusla litt med morgonstell og morgonmat. Det var då eg vart var dyra. Ja, dei stod midt i auga, og eg seig liksom saman som for å skjula meg – forsiktig fram med geværet, sikta og trekte av. Dyret stupte 50 meter frå teltopninga. Slik er reinsdyrjakta.

Nokre år tilbake i tid baud Statskog inn til opplæringsjakt for nye jegerar. Gunhild melde seg på. Året etter fekk ho dermed automatisk tilgang til jakt. Men ho var mellom dei som ikkje fekk noko. Så kom år der ho var med far sin, Odd Kvinen, men framleis var det utur og bomtur og mangel på jaktresultat. Nei, heilt utan resultat vart det ikkje. Det var på ein slik tur ho møtte ein annan lidenskapeleg jaktar, Jon Uleberg, som sidan har vorte både ektemann og jaktkamerat. Og det var i lag med Jon ho fekk has på den første villreinen.

Gunhild hadde simlekort, og Jon hadde kalvekort. Ho har alltid med seg elghunden sin på jakt. For henne er fellesskapet og samspelet med hunden ein viktig del av jaktturene. Ørsmå signal kan fortelja mykje berre ein er merksam på dei og veit å tolka dei. Hunden sin fantastiske luktesans kan ta inn





Gunhild Kvinen. Foto frå Gunhild Kvinen.

teven av dyr på god avstand når luftstraumane står rette vegen. Du ser korleis han vêrar og tek inn lukta. Det er viktig å vera konsentrerte i lag, og då er hund- en til stor hjelp.

Denne store dagen skjedde nettopp det, eit teikn frå hunden, og ganske snart stod dei overfor ein hop på kring 40 dyr. Gunhild kasta augo instinktivt på ei fin simle som skilde seg ut på fargen. Ho var så mørk. Simla stod heilt roleg med breisida til. Gunhild fekk god tid til å sikta. Ein vill tanke fór som eit glimt gjennom hovudet hennar: Kunne simla vera suicidal slik ho hadde stilt seg opp? «Eg kjende meg 100 prosent sikker då eg trekte av.» Eit perfekt hjarteskot vart ein forbarmande slutt på livet.

Når dyret er felt, tek det store slitet til. Greitt nok å gjera opp dyret, men så skal alt som kan nyttast, berast – absolutt alt. Som oftast er det langt til sivilisasjonen, og både viljen og kreftene får prøvd seg. Dette slitet gjer det dobbelt magisk å sitja med gode venner og eta sjølvhausta mat. Ein kjenner seg så koplå og bunden til naturens forunderlege krinsløp.

Gunhild har ei klar meining om utstyret. Ho prøvde mauseren til far sin. Det var inga god oppleving.

Rekylen gjorde henne meir oppteken av smertene som ville koma, enn å vera nøye med å sikta seg inn. Nytt spesialtilpassa våpen tok vekk det problemet. I det heile trur ho at det gode utstyret er ein av fleire grunnar til at jakta nå er veldig fin i heiane våre. God opplæring er ein annan viktig faktor som over tid har endra jaktkulturen til det betre.

Gunhild er engasjert i arbeidet for å få fleire unge jenter til å gå på jakt. Jaktkulturen har vore altfor dominert av menn, og det er ingen grunn til at det skal vera slik. Endring tek tid, men det er tydeleg at endringa alt er i gang.

Privat jaktterreng

Dei fleste jaktglade sirdølane er sterkast knytte til områda i Njardarheim. Der kan folk flest konkurrera om jaktkort for bygdeterrenget som er eksklusivt for sirdølar, til ein relativt rimeleg pris. Dessutan kan dei prøva å få kort til dei andre jaktfelte i det store Njardarheim riket. Nokre grunneigarar har ein tredje sjanse – dei som har kvote på eigen eigedom. Kvotane vert gitte ut frå areal. I 1966 såg fellingsløyva slik ut på privat eigedom (tabell neste side):



Dyreflokk i vinterlandskap. Foto: Gunhild Kvinen.

Dagestad, Vaulen	6	Store Sinneshei, gnr. 9, bnr. 1, 2, 9
Bjarne Fidjeland, Fidjeland	11	Fidjeland, gnr. 3, bnr. 3, 5, 6, 11
Jæren jakt- og fiskelag	8	Grydalsheia, gnr. 2, bnr. 2
Abel Haugen	2	Store Kvihei, gnr. 20, bnr. 1
Tønnes Hellingen	4	Tolvkohellingen, gnr. 4, bnr. 2 Fidjeland, gnr. 3, bnr. 2
Torgeir Kvinen	2	Kvinen, gnr. 20, bnr. 2
Einar Kvinen	2	Kvinen, gnr. 20, bnr. 3, 4
Lars Suleskard	3	Suleskar, gnr. 1, bnr. 1, 2, 5, 8, 10
Knut Suleskar	2	Suleskar, gnr. 1, bnr. 1
Sven Tjørhom	4	Tjørhom, gnr. 10
Sven Tjørhom	3	Handeland, gnr. 11
Lars Inge Vatne	12	Ådneram gnr. 2, bnr. 1, 2, 4, 5
Olav Østebø, Sandnes	4	Suleskar gnr. 1, bnr. 2 Tonette Krog



Kva ser me i framtida? Foto: Gunhild Kvinen.


Tabellen syner at om lag halvparten av det private arealet var leigd ut til andre. Svært ofte var det jaktlag som leigde terreng og fekk fellingskvote. Jaktleiaren står oppført som den som fekk fellingskvoten.

Villreinjakta i Sirdal har forandra seg mykje dei siste femti–seksti åra. Heiane har vorte lettare tilgjengelege både med vegar opp i fjellheimen og med båtar på dei store innsjøane kraftutbygginga har laga. Interesse skaut i vêret, og det vart stor kamp om jaktkort. Jakta har i same perioden gått frå å vera dominert av tjuvjakt, spesielt om vinteren, til at me nå for det meste har legal jakt.

Ei anna stor endring har skjedd i den same perioden. Frå gammalt var reinsdyra ein naudsynt ressurs for sirdølane. Ei langsam utvikling mot pengehushald skaut fart då kraftutbygginga tok til. Matnauda forsvann, og dermed var ikkje det noka drivkraft lenger. Villreinjakta har dermed i all hovudsak vorte ei sportsjakt for sirdølane òg. Samtidig ber jaktarane med seg og fører vidare den urgamle jaktkulturen.

Interessa for jakt held seg høg, men som me har sett, har fellingstala på 2000-talet vore svært låge. Den planlagde reduksjonen av villreinstamma som vart gjennomført på 1990-talet, var etter mange si mein- ing altfor drastisk. Når då ein stor del av flokken drog over til Setesdal Austhei, vart det svært lite igjen å jakta på. Det kan tenkjast at kraftutbygging, vegar og turisme har «hindra» reinen i å trekkja til våre område.

Folk slo seg ned i Sirdal fordi fjellviddene var rike på vilt. Reinsdyra er ein viktig del av denne naturen og høyrer til på same viset som lav, lyng, gras og vatn. Menneske har i tusenvis av år vore ein like sjølvsaugt del av denne fantastiske naturen. Me har brukt, og me har hausta. Slik har det vore. Og så er det mest opp til oss om det er slik det skal verta. Me må finna ut om me er i stand til å forvalta oss sjølv tilpassa rammene naturen gir. Klarer me det, vil truleg jakt på kongen i høg fjellet vera aktuelt for komande generasjonar òg.



NB! Leveområdet som ligg inne på kartet, er noko større enn teljande areal som vert brukt ved fastsetjing av kvote. Dette gjeld særleg i dei sørlege områda.

